


Kyrkjelydsblad før Arna

Nr. 3 — Juni/Juli 1979
12. årgang



**God sumar til
store og små**

KYRKJELYDSBLAD FOR ARNA

Utgjevar: Sokneråda i Arna.

Redaktør: Audun Stølås, Borge, 5233 Haukeland, tlf. 24 00 61.

Redaksjonsnemnd: Ingvar Fykse, Harald Haugsvær, Bjørg Hellesøy, Målfrid Sandvik.

Forretningsførar: Bjørg Hellesøy, Fagerhaug 3, 5260 Indre Arna, tlf.: 24 14 47.

Bladpengar: Kr. 15,-. Utanbygds/lands kr. 20,-.

Postgiro nr. 3104445 eller bankgiro 8440.21.01856.

Trykt av A/S Fotosentrum, Ytre Arna.

ARNA PRESTEGJELD

Prestekontoret Indre Arna: Tlf. 24 04 00.

Kontortid: Tysdag, onsdag, fredag kl. 10 - 11.30.

Torsdag kl. 17.30 - 19.00.

Prestekontoret Ytre Arna: Tlf. 24 13 25.

Kan treffes etter avtale

Arna kyrkjelyd sin dagheim: Tlf. 24 12 45.

Adresser:

Res.kap. Ingvar Fykse, Gamlev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 25.

Kateket Målfrid Sandvik, Arhaugen 8, Indre Arna.

Kateket Harald Haugsvær, Lone. Tlf. 24 08 15.

Fung. klokkar Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland. Tlf. 24 01 17.

Klokkar Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna. Tlf. 24 13 10.

Organist Solveig Tesdal. Stølsvegen 25, Indre Arna. Tlf. 24 16 06.

Organist Michael Knutsen, Tyriv. 20, Eidsvåg. Tlf. 25 63 48.

Kyrkjetenar Monrad Ulveseter, Stølv. 15, Indre Arna.

Tlf. 24 09 65.

Kan treffast på tlf.: 24 09 65 tysdag og torsdag
kl. 17.00-18.00 og onsdag og fredag kl. 10.00-11.00.

Vik. kyrkjetenar Arthur Askeland, Haugland. Tlf. 24 11 55.

Oppsynsmann for kyrkjegardane i Arna, Emil Dalseth,
Indre Arna.

Tlf. 24 05 69, kontortid mand., fred. kl. 12.00 - 13.00.

Soknerådsformann i Arna, Olav K. Hesjedal, Hauge, Haukeland.
Tlf.: 24 13 10.

Soknerådsformann i Ytre Arna, Per Sæle, Skulev. 8, Ytre Arna.
Tlf. 24 13 10.

Velkommen til kyrkje

*og inn i Guds
spenningsfelt*



Velkommen til kyrkje står det på baksida av Kyrkjelydsbladet der preikelista for Arna står. Alle er velkommen til kyrkje. Men det er så få som kjem. Vel, ikkje så reint få likevel, slik myten vil ha det til- eller som han sa den eine ateisten til den andre: «No må snart ein av oss ta ein tur i kyrkja for å sjå om kyrkjene verkeleg er tomme.»

Men i høve til medlemstalet er det få som kjem til kyrkje. Her hos oss, i bygda vår og i landet elles, er det slik at dei aller fleste vil halda på sitt medlemskap i kyrkja. Det er svært få som melder seg ut, sjølv om det iblant kan høyra ut som om folk står i kø med utmeldingskjema. Dei aller, aller fleste ber barna sine til dåpen. Dei fleste forældra ynskjer at barna deira skal få ein kristen oppseding. Difor sender dei barna sine til søndagsskule, kristen førskule og til kristne lag. Men kvifor er det slik at fleirtalet av forældra ønsker at barna deira skal få alt det beste, og dermed også kristendommen, medan dei sjølv ikkje vil taka eit aktivt standpunkt for kyrkja og det den står for? Tek eg mykje feil når eg trur at mange vaksne kan ha tankar som dette: «Jau, kristendommen er vel og bra. Men den er beint fram for god til å vera sann. Hvis eg som eit vakse

menneske skulle gje meg til åtru på slike ting som at det finns ein allmektig Gud som ingen kan sjå, at det finns eit liv etter døden, og at vi menneske har eit evig liv, då vil folk ta meg for å vera barnsleg og godtruande, og noko slikt vil eg ikkje ha hengjande på meg. Eg skulle ønske det var sannt. Men som eit fornuftig, vakse menneske kan eg ikkje tru det». Men stopp litt her. Har du nokon gong tenkt over kva det inneber ikkje åtru dette? For då må det nemleg vera slik at det ikkje er nokon Gud og at grava vert det siste for eit menneske. Men då vert også livet mellom vogge og grav også eigentleg utan meaning. Er ikkje det langt meir vanskeleg å godta? Du som tviler på den kristne bodskapen, du skulle iblant setja deg ned å tvila på tvilen. Vi har så lett for berre å tvila på trua.

Velkommen til kyrkje. Det er ei inn-Framhald s. 5



Er du nøgd med berre å vera tilskoder til livets store kamp?

Framhald: Velkomen til kyrkje

bjoding til å koma til gudsteneste i Arna kyrkje. Men det er framfor alt eit velkommen til Kristus, som er kyrkja sin Herre og den heile kristendommen står eller fell med. Mange menneske har teke imot denne innbjodinga til å koma til Kristus. Vegen gjekk ofte gjennom store brytningar. Bibelen har nemleg ein sterkt spenning her. Det vert slege fast igjen og igjen at kvart menneske er ein synder som står under Guds vreide, ikkje berre fordi det har gjort mykje som er Guds imot, men rett og slett fordi det er eit syndig menneske. Det høyrer til Adams ætt. Dette er den eine pol i spenningen. Men samstundes kan kvart menneske verta frelst på grunn av

Jesu soning av synda. Og Gud vil at kvart menneske skal verta frelst og koma til å kjenna sanninga. Dette er den andre del av Bibelens store spenningsfelt.

Men vi menneske har av naturen uvilje mot å vera dradd inn i dette spenningsfeltet. Vi vil halda oss utanfor. Vi ser ikkje på oss sjølv som syndarar, og difor kan vi ikkje sjå at vi treng ein Frelsar. Denne trøngen til å vilja stå utanfor spenningsfeltet er ein konsekvens av menneskets syndefall. Men vi må inn i spenningsfeltet om vi skal kjenne sanninga om oss sjølve og om det menneskelivet eigentleg dreier seg om.

A. St.

God sumar

Redaksjonskomiteen for Kyrkjelydsbladet ynskjer alle lesarane ein god sumar.

Neste nummer av bladet kjem ut i månads-skiftet august/september.

Arna skal få kyrkjelydshus

Planar om å byggja kyrkjelydshus i Arna er gamle. Heilt frå den tida Arna var ein del av Haus kommune, har det vore arbeidd med dette. I åra som har gått, er det fleire i kyrkjelyden som har sett av pengar til føremålet. På kontoen står no ca. kr. 27.000,-.

Sokneråda har gjennom åra hatt saka oppe fleire gonger, og i 1977 oppnemnde Arna Sokneråd ein komite som fekk til mandat å gjennomføra behovsanalyse, utarbeida kostnadsoverslag og førebels finansieringsplan og peika på høvelig tomt til huset. Dette vart gjort, og på soknerådsmøte den 31. januar 1979 vart det samråystes vedteke Å GÅ INN FOR BYGGING AV KYRKJELYDSHUS.

Til å arbeida vidare med dette, peikte soknerådet ut desse: Bjarne Fjellteit, Per Arna Gulstad, Harald Haugsvær, Ingmar Ljones og Jan Marius Olsen.

For ei tid sidan vart Borgstova ved Arna kyrkje teken i bruk til prestekontor, kontor for kateket,


diakonklokkar, kyrkjetenar og møterom for soknerådet. Kyrkjelydshuset er tenkt oppført i tilknyting til bårehuset som også ligg like ved kyrkja. Ser vi på dei mange aktivitetane som er i gang i kyrkjelyden, vil eit kyrkjelydshus verta eit naturleg og nødvendig lokale i eit kyrkjesenter i Arna sokn. Soknerådet tykkjer det er viktig å understreka at huset skal koma heile soknet til gode.

Oppføring av eit tidhøveleg hus vil kosta mykje. For å skaffa midlar til finansiering av kyrkjelydshuset, har soknerådet m.a. oppretta konto i bankane i Indre Arna og postgiro-konto.

Arna Sparebank kt. nr. 3633.51.03356
Kyrkjelydshus i Arna.

Vestlandsbanken kt. nr. 8440.21.04243 Kyrkjelydshus i Arna.
Postgiro kt. nr. 3.38.20.25 Kyrkjelydshus i Arna.

Store og små gåver til kyrkjelydshuset vil vera god hjelpe i arbeidet med å få reisa det om ikkje altfor lenge.



På denne tomta sør for kyrkja og bårehuset skal kyrkjelydshuset byggjast.

Kommunist-landene:

En glemt misjonsmark?

En ungdom i Arna som selv har besøkt kristne i kommunistland forteller i denne artikkelen om det arbeid som Misjon bak Jernteppet driver.

Første del av artikkelen stod i april-nummeret av Kyrkjelydsbladet.

Misjon bak Jernteppet begynte tidlig å sende ut pressemeldinger som belyste de kristnes kår i de kommunist-styrte land. Det var til dels individuelle beretninger om overgrep og brutalitet, mishandling, fengsling, om stengte kirker og om en skrikende bibel-mangel. Dels var det brev fra kristne ledere eller fellesbrev fra hundrevis av kristne, stilet snart til Sovjetunionens høyeste myndigheter, snart til institusjoner i vest. Også pressen åpnet sine spalter. I løpet av de få årene misjonen har virket, har aviser gjengitt over 10.000 meddelelser om religions-forfølgelse i øst.

En av Misjon bak Jernteppets viktigste oppgaver har hele tiden vært trykking av bibler. Allerede i mars 1968 kunne misjonen bevilge 35.000 kr. til trykking av 10.000 russiske nytestamenter. I 1977 ble det brukt over 1 million kroner til trykking av bibler på øst-europeiske språk. De første evangeliske radio-program på russisk kom igang i 1968. For tiden finansierer Misjon bak Jernteppet 11 ukentlige programmer, hvert med en sendetid på 15 minutter. Vi vet at lytterskaren når opp i mangfoldige millionerer. Mange lyttere er blitt kristne på denne måten, og det er oppstått nye muligheter ut fra forkynnelsen gjennom radio.


Etter disse årene kan Misjon bak

Jernteppet konstatere at myndighetene i Østbloklandene aldri har kunnet rokke ved de opplysninger misjonen har brakt. Litt etter litt er det blitt et anerkjent faktum at kristenforfølgelsen i forskjellige former og ulike grader dessverre er noe som følger med det kommunistiske styre hvor i verden det enn opptrer. Derfor har også arbeidet blitt møtt med økende forståelse.

Åndskampen vi står i gjelder kristendommens sak. Frelsens og fredens evangelium må få fritt løp så det kan rekke fram til alle mennesker. Etter som tiden er gått, har enkeltpersoner og grupper fått kallt til å ta dette misjonsarbeidet opp som sitt spesielle bønneansvar. De som ber har erfart at bønnen har forunderlig kraft og virkning. Og forfulgte kristne har flere ganger gitt uttrykk for at de kan merke hvordan forbønnen har styrket dem. Her kan vi alle være med. Bønn arbeider, bønn er arbeid, og bønn fører til arbeid. Opgavene er overveldende. Gud kan i bønn minne oss om ting Han ønsker at vi skal gjøre. La oss være disipler som våger å lyde Ham.

Nærmere informasjon om dette arbeidet kan du få ved å henvende deg til: Misjon bak Jernteppet, Norder gate 22, Postboks 2057, Oslo 5. Gaver kan sendes over postgiro 2 05 04 09.

Nytt barnekor starta på Lone



På Lone vart det i vår starta eit barnekor. På biletet ser du koret oppstilt under ei øving i bedehuset Betania. Barna i koret er frå 3 år og oppover. Dei har i vår hatt 4 øvingar, og dei har og allereie hatt sin første offentlege opptreden. Det skjedde under ei familiesamling i Betania, der mange av forældra var møtt fram

for å høyra og sjå det fine koret.

Ove Skjoldal, ein av leiarane for barnekoret, fortel til Kyrkje-lydssbladet at det alt frå starten har vore ei framifrå oppslutning om koret. Det er no omkring 70 barn med i koret på Lone. Og fleire kan få vera med. Koret har øving annan kvart mandag i ein tids tid frå kl. 17.30.

Dei andre leiarane for koret er Randi Hope, Marit Hauge, Sissel Minde, Bjørg Marit Stølås og Gunnar Hansen.

På Lone er det nyleg også starta eit ungdomskor. Det vert dermed tre aktive og gode kor på Lone, Barnekoret, Ungdomskoret og Betania Musikklag.

Underlig vesen

Predikanten skulle tale over skapelsesberetningen, men uten at han merket det var noen sider i bibelen hans blitt hengende sammen, slik at han leste:

— Og Gud Herren bygget av det ribben han hadde tatt fra mannen en kvinne som (her måtte han bla om).. er tre hundre alen lang, femti alen bred og trette alen høy og innvendig og utvendig er oversmurt med bek.

Predikanten stusset, bladde tilbake, men leste nøyaktig det samme en gang til. Så klodde han seg i hodet, kikket ut over forsamlingen og sa:

— Ja, kjære venner, dette skriftstedet er nytt for meg. Men når det nå står her, så må det være fordi Gud vil vise oss hvilket forunderlig vesen kvinnen er.

Til menighetens kvinner

Hvis et tilstrekkelig antall deltagere melder seg, vil vi sette i gang et nytt kurs for kvinner som gjerne vil gjøre en frivillig tjeneste i menigheten. Kurset begynner 18. september kl. 18.30 i Domkirkenes menighetshus, Kalfarvei 10, og det går i gang i ukken i 12 uker. Det koster kr. 40,-. Nærmere detaljer om kurset kommer etter sommerferien, men innmeldelse kan sendes allerede nå til Jussi Pihl, Nøstegaten 42, 5000 Bergen.

For
Bjørgvin bispedømmeråds komité
for kurs for friv. kvin.
menighetsarbeidere
Jussi Pihl (s) f.t. formann



Sokneprest Øy vert innsett 26. august

Den nye soknepresten i Arne, Øyvind Øy, vert innsett under gudstenesta i Arna kyrkje søndag 26. august av domprost Nils Monstad. Etter gudstenesta vert det kyrkjekaffe i Arna bedehus.

Sokneprest Øy kjem til å halda si første preike i Arna kyrkje søndag 5. august. Han skal også ha gudstenesta i Ytre Arna 12. august og i Arna og på Trengereid 19. august. Sjølv innsetjingsgudstenesta vert imidlertid ikkje halden før etter skuleferien.

Kvinneforeinings-stemne 30. sept.

Det Norske Misjonsselskap sine foreiningar i Arna prestegjeld har stemnedag i Indre Arna bedehus 30. september. Vi vil alt no gjera foreiningane merksame på dette stemne og bed dei merka seg dagen. Elles er alle interesserte hjarteleg velkomne til dette samvær. Nærare innbjoding og program kjem seinare.

G. S.

Kirkens Familie- rådgivning

Det finnes to kirkelige familierådgivningskontorer i Bergen, Kirkens Familierådgivning Biskophavn og Bjørgvin Bispedømmeråds Familierådgivningskontor.

I kontorenes retningslinjer heter det bl.a.: Virksomheten bygger på kristne verdinormer med respekt for individet og dets integritet, og den tar sikte på å hjelpe klientene ut fra deres egne forutsetninger – uansett sosial status, livsforsel, religiøs tro eller politisk oppfatning.

Ektepar, hele familier, separerte og fraskilte eller andre som er i en vanskelig livssituasjon kan søke kontoret for opplysning, veiledning og mer omfattende hjelp. Ingen problemer er for små dersom de føles vanskelige. Det kan dreie seg om uoverensstemmelser og konflikter mellom ektefeller eller i familien.

F.eks. seksuelle problemer, bekymringer i forbindelse med svangerskap, forskjellige følger av sykdom, misbruk av alkohol og narkotika eller mer generelle problemer som kontaktløshet, stadig uenighet og krangel, vansker med å snakke sammen eller andre ting som gjør at en føler behov for hjelp.

For de fleste av oss er det en overvinnelse å søke hjelp på denne måten. Ikke desto mindre vil det som regel være større mulighet for å gjøre noe med situasjonen dersom den ikke har utviklet seg for langt.

Kontorene har tilknyttet gynækolog, lege, psykiater, psykolog, sosionom, prest og jurist som arbeider i team.

De som arbeider ved kontorene har taushetsplikt. All hjelp som ytes er gratis.

Barnebøna vart høyrt

— Eg skal ha eit under! sa vesle Ole og la samstundes ein blank femti-øring på apotekdisken.

— Apotekaren undra seg på denne unge kunden, og ville gjerne ha ei forklaring. Mor er sjuk, svara Ole. Legen har sagt at berre eit under kan redde henne. No vil eg altså kjope eit under.

Apotekaren, som var ein kristen, svara:

— Det er berre Gud i himmelen som kan gjøre det, guten min.

— Ja, då treng eg vil ikkje kjøpe noko, sa Ole, for då kan eg vel be til Gud?

På heimvegen var det ein småtass som inderleg ba om at Gud måtte gjøre eit under med mor.

Og barnebøna vart høyrt, mor vart frisk.

MØLLENDAL KIRKEGÅRD NYGÅRD GAMLE KIRKEGÅRD

Feltene Møllendal 020 og Haukeland K00 på Møllendal kirkegård og felt 18 på Nygård gamle kirkegård skal tas i bruk for ny gravlegging.

Fredningstiden for gravene er ute. Det ble sist foretatt gravlegging i følgende tidsrom:

Møllendal 020 barnegraver 1920 - 1925.

Haukeland K00 kistegraver voksne 1941 - 1942.

Felt 18 på Nygård Gamle kirkegård kistegraver voksne 1932 - 1937.

Felt 020 skal legges om til urnegraver. De andre to feltene skal fortsatt benyttes til kistegraver for voksne.

Etter § 10 i Forskriftene for kirkegårdene i Bergen kan fredningstiden forlengetes mot betaling av fastsat avgift. Dersom en ønsker forlenget fredningstid for grav på ovennevnte felt/felter, må avgiften være betalt innen 26. november 1979.

Alt gravutstyr på feltet/feltene skal tas bort. Det kan gå omlag 1 år fra feltet/feltene blir ryddet til gravminne på graver med forlenget fredningstid blir satt opp igjen. Utstyr på graver som ikke har fått forlenget fredningstid blir kirkegårdens eiendom, dersom de på-rørende ikke har hentet dette innen 26. november 1979.

Gravminner som er i forfall og glatte, liggende gravminner som dekker hele graven, blir av sikkerhetsmessige hensyn ikke satt opp igjen. Det samme gjelder gravminner som er sammensatt av flere deler og som av tekniske grunner ikke kan settes opp igjen helt eller delvis.

Gravminnene vil bli satt direkte på fundament i gressbakke. Gravkarmer, innramminger o.l. tillates ikke satt opp igjen.

Nærmore opplysninger kan en få ved:

Møllendal kirkegårdskontor, tlf. 299241, kl. 08.00 - 15.00.

Nygård kirkegårdskontor, tlf. 260620, kl. 10.00 - 11.00.

NMS-
sommar-
møte på
Kongshaug

«Jeg vet på hvem jeg tror» er mottoet for sommarmøtet som Bergen krins av Det Norske Misjons-selskap skipar på Kongshaug Folkehøgskule, Lepsøy ved Os i tida 26.-29. juli. Det vert mellom anna bibeltimer av res.kap. Per Fimreite og misjonstimar. Song og musikk av lokale krefter.

Nytt høvet til samling om Guds ord og misjonen: Nærare opplysninger og program: N.M.S. krinskontor, Ø. Korskirkealm. 9, 5000 Bergen. Tlf. (05) 31 00 61.

ARNA SPAREBANK

Indre Arna · Espeland · Ytre Arna



Banken i Arna frå 1866
Banken der du bur

— til bygdefolket sitt beste
gjennom 113 år.

Solstrands Blomsterforretning

Hollendergt. 4, tlf. 232050

Solstrand Begravelsesbyrå

Herm. Fossgt. 11, tlf. 232050

Alltid til tjeneste

VESTLANDSBANKEN

Banken i Arna — for Arna-folk,
der alle kundar, store som små,
er hjarteleg velkomne.



VESTLANDSBANKEN, avd. Arna

ALLE VET

at vi selger nyere utvalgte vogner. Prøv hos oss
De også. Vi gir god service.

KVERSØY BILFORRETNING

ESPELAND

Tелефon 24 00 17 — 24 08 45

I MIN FORRETNING

finn De gåver til bryllup, konfirmasjon
og barnedåp



5260 INDRE ARNA — TLF. 240496

ESPELAND BEGRAVELSESBYRÅ

Telefon 240808

Begravelser og bisettelser ordnes
Transport med egen bil
Annonser, sanger, sløyfer
Monumenter besørges oppsatt

ESPELAND GARTNERI

Telefon 240809

Blomsterforretning
Hagesenter
Kransebinderi



— Assurandør —
OLAV A. HOVDEN

Er autorisert rådgiver i forsikring.
Han hjelper Dem med alt innen for-
sikring, finansiering, og leasing.
Ring, stikk innom eller send noen ord

Storebrand Idun

for sikkerhets skyld

Postboks 17 5260 Indre Arna
Telefon 241532 — Privat 280811

Skal det vera TV — Elektrisk — Belysning
Hugs at vi har laveste pris,
og det De kjøper her kan De få reparert her.

ARNA ELKJØP A/S

Ytre Arna — telefon 241188

Arnatveit — telefon 241970

Vi er tilsluttet landets største kjede av elektriske forretninger
EL-KJØP

Blomar til alle høve!

Vår spesialitet er dekorasjonsplanter
GARNES GARTNERI

Telfon 240401 — Garnes.
Utsal: Espeland — Tlf. 241727.

Velkommen til kyrkje

Preikeliste for Arna

- 01.07. Arna: Res.kap. Fykse. Nattverd.
08.07. Ytre Arna: Kapellan Henrik Mohn. Nattverd. Offer til Misjon bak Jernteppet
15.07. Arna: Res.kap. Fykse. Offer til Dronning Maud's Minne. Nattverd.
Trengereid: Kl. 1800 res.kap. Fykse. Nattverd.
22.07. Ytre Arna: Res.kap. Fykse.
29.07. Arna: Sokneprest Sellevold. Kollekt til Kyrkjessongar forbundet.
05.08. Arna: Sokneprest Øyvind Øy. Offer til Kristeleg Kringkastingslag. Nattverd.
12.08. Ytre Arna: Sokneprest Øyvind Øy. Nattverd. Offer til Den Norske Samemisjon.
19.08. Arna: Sokneprest Øy. Nattverd. Offer til Bibelskulen i Bergen.
Trengereid: Kl. 1800 Sokneprest Øy. Nattverd.
26.08. Arna: Domprost Nils Monstad og Øyvind Øy som vert innsett som ny sokneprest i Arna. Offer til kyrkjelydsarbeidet. Kyrkjekaffi i Arna bedehus.
Ytre Arna: Res.kap. Fykse.

